

# NM JUNIOR 2024

18. - 20. OKTOBER 2024, VELKOMSTBULLETTIN



Os juniorbridgeklubb



Bilete frå Os junior open, mars 2022

- \* Velkommen til Os ved ordførar Terje Søviknes
- \* Helsing frå Os juniorbridgeklubb v/Tarjei Vangdal
- \* Program for helga
- \*Deltakaroversikt med startposisjonar
- \* Oversikt over tidlegare vinnarar
- \* Oppgåver
- \* Gode vaner, Sven-Olai Høyland
- \* Beste junior-spel 2022, Kristian Barstad Ellingsen
- \* Fun på Funbridge, Leif Juvik

# KJÆRE BRIDGEFRELSTE!

Det er ei stor glede å få ynskja Dykk alle velkommen til Os, Bjørnafjorden kommune og NM Junior 2024.

Sjølvs fekk eg heilt tilbake til 1980-talet læra med bridge gjennom valfag på Os Ungdomsskule, der årets junior NM vert arrangert. I etterkant vart det aktiv speling i Os Bridgeklubb gjennom mange år.

Bridge er kort og godt eit fantastisk spel som utfordrar ein både psykisk og fysisk, og det gode er at bridge kan ein driva med gjennom heile livet. Her kan ein spela i lag med jamnaldrande, eller ein kan spela på tvers av generasjonane. Ein vert og utfordra på individuelle prestasjonar, samstundes som ein må få til lagspilet med makker. Det ligg mykje læring i det som kjem til nytte også elles i livet.

Eg vil også gje honnør Os Bridgeklubb som i 2018 starta opp eigen juniorklubb, og no er i gong med eit eige prosjekt for Bridge i skulen. Dette bidreg sterkt til rekrutteringa til bridge-sporten lokalt i Bjørnafjorden kommune, og er eit eksempel til etterfølging.

Eg vonar Dykk alle får ei topp helg i lag med gode vener og konkurrentar frå heile landet. Turneringsspelinga vert sjølvsagt det viktigaste, men i tillegg kjem det sosiale fellesskapet gjennom helga.

På vegne av Bjørnafjorden kommune vil eg ynskja lukke til med NM Junior 2024!

Måtte dei beste vinne, og alle få ei flott og minnerik helg på Os!

Med beste helsing  
**Terje Søviknes**  
Ordførar Bjørnafjorden kommune







# PIIP PIIP YEAH!

Os juniorbridgeklubb er superhappy for å kunna invitera til noregsmeisterskap i Juniorbridge 2024 på Os Ungdomsskule.

Forrige gong vi møttes her var i Os Junior Open i mars 2022. Då var vi 39 par som spelte turnering i Os. Nå forventar vi rekorddeltaking i sjølvaste NM, med om lag 60 par i 3 puljer: Knøtt, rekrutt og open klasse. Det er verkeleg kjekt at antall juniorspelarar veks i heile landet!

Vi håpar og trur det skal bli ei triveleg helg på Os. Vi har lagt opp til eit variert program. Sjølv hovudturneringa blir spelt laurdag/søndag men det blir også aktivitet på fredag utover kvelden.

Litt praktisk info. Alle måltida blir servert i kantinen på skulen. Hugs å gje oss beskjed om du har allergiar eller anna vi må ta hensyn til i matvegen. Du finn telefonnummer til alle oss i komiteen lengre bak i bulletinen her. Vi vil vera tilstades heile helga.

Toalett er det både i skulebygget og i Os aktiv der spelinga foregår. Sjølv om det ikke er koronatider lengre, må vi likevel halda på nokre få tiltak, spriting av hender, og ikkje møta til speling om vi blir sjuke.

Takk til alle støttespelarane våre som har gjort det mogleg å finansiera turneringa, Fana Sparebank, Sparebanken Vest, LNU, OBOS, SKL, Framo, BK Missklikk, Rema 1000 Moberg, Lerøy Seafood og ikkje minst Bjørnafjorden kommune som både har bidratt økonomisk og med lokaler til turneringa.

Eg bare sier det: PiiP PiiP Yeah, ha ei flott helg på Os!

**Tarjei Vangdal**  
Leiar Os juniorbridgeklubb

---

# PROGRAM FOR HELGA

## Fredag 18. oktober

16:00 Skulen opnar. Innkvartering på klasseromma

19:00 Mat og bridgespeling

## Laurdag 19. oktober

08.00 - 09.55 Frokost i kantinen på skulen

10:00 Ordførar Terje Søviknes opnar arrangementet

10:15-14:15 Sesjon 1

14:15-15:00 Lunsj

15:00-19:00 Sesjon 2

Etter spelinga blir det pizza, kahoot mm i Ung Arena.

## Søndag 20. oktober

08.00 - 09.55 Frokost i kantinen på skulen

10:00-13:00 Sesjon 3

13:00-14:00 Lunsj/premieutdeling

Detaljert tidsskjema for dei enkelte puljane vert slått opp i spelelokalet.

Med atterhald om at det kan bli endringar i tidsskjemaet



# DELTAKARAR/STARTPOSISJONAR

## OPEN KLASSE

Par	Runde 1	Navn	Klubb
1	1 Ø-V	Kristian Dalemark Austad - Einar Osen	Flekkefjord BK
2	2 Ø-V	Theodor Lillejord - Sander Haulan	Farsund BK
3	3 N-S	Daniel Olsen - Bernhard Gilde	Trondheim ungdomsbridgeklubb
4	4 Ø-V	Erleta Plana - Maren Idland Sægrov	Sandnes Juniorbridgeklubb
5	5 N-S	Ida Kristine Mathisen - Hedvig Lindaas Nordby	Helgeland Juniorbridgeklubb - Arendals BK
6	6 N-S	Arne Osnes Devik - Carl-Otto Curran	Breim BK - Os BK
7	7 N-S	Emil Olsen - Sindre Grande-Weberg	Trondheim ungdomsbridgeklubb
8	8 N-S	Vårin Sømhovd Slettmyr - Sandra Emilie Lorentzen	Sømna BK
9	9 N-S	Vilja Andrea Gauteplass - Bård Inge Fredheim	Trondheim ungdomsbridgeklubb - Luster BK
10	10 Ø-V	Jørgen Lindaas Nordby - Johan Bjørkan	Arendals BK - Heimdal BK
11	11 Ø-V	Are Borgar Landsvik - Matteo Nordqvist	Sandnes Juniorbridgeklubb - NBF Utland
12	11 N-S	Magnus Sætre - Anders Brogeland	Lyngseidet BK - Flekkefjord BK
13	10 N-S	Tiril Matea Gauteplass - Vilde Grande-Weberg	Trondheim ungdomsbridgeklubb
14	9 Ø-V	Marius Dalemark Austad - Ida Marie Øberg	Flekkefjord BK - Skien BK
15	8 Ø-V	Brage Hansen Moe - Tor Gunnar Mathisen	Helgeland Juniorbridgeklubb
16	7 Ø-V	Vetle Eskild Hølto - Mikkel Øynebråten Kirkebøen	Hemsedal BK
17	6 Ø-V	Kaja Brekke - Thomas Tøsse	Jessheim BK - Trondheim ungdomsbridgeklubb
18	5 Ø-V	Sienna Vedå Vangdal - Solveig Dræge	Os juniorbridgeklubb
19	4 N-S	Cathrine Wedvik - Herman Ørn Walbye Mikkelsen	Trondheim ungdomsbridgeklubb
20	3 Ø-V	Markus Lund - Markus Hansen Moe	Heimdal BK - Helgeland Juniorbridgeklubb
21	2 N-S	Sebastian Lillejord - Alfred Johan Skråmestø Brandel	Farsund BK
22	1 N-S	Jonas Brekke - Kristine Bjørbekk Kjellin	TopBridge BC - KGB Klyve-Gulset BK

## KNØTT

Par	Runde 1	Navn	Klubb
1	1 Ø-V	Aurora Lillejord - Emma Sofie Hellstrøm	Farsund BK
2	2 Ø-V	Henrik Brodtkorp - Ida Tomine Gabrielsen - Iben Marie Skeibrok	Båro BK
3	3 Ø-V	Ole Ordahl Hatvik - Henrik Eikrem Riley	Os juniorbridgeklubb
4	4 N-S	Eik Undem Harding - Olai Andreassen	Båro BK
5	5 Ø-V	Tobias Brattholmen - Sebastian Dhindsa	Os juniorbridgeklubb
6	5 N-S	Kjell Stangeland Ueland - Tobias Holtet Skjæveland	Sandnes Juniorbridgeklubb
7	4 Ø-V	Victoria Brekne - Tristan Hovden	Båro BK
8	3 N-S	Isak Heimvoll - Emma Amalie Stålesen Hansen	Båro BK
9	2 N-S	Karoline Tønnesland Ariansen - Malin Danielsen	Farsund BK
10	1 N-S	Christoffer Hove - Emma Lindstrøm Eriksen	Båro BK

# DELTAKARAR/STARTPOSISJONAR

## REKRUTT

Par	Runde 1	Navn	Klubb
1	1 Ø-V	Sigrun Maria Walbye Mikkelsen - Matilda Lenesdatter Johnsen	Trondheim ungdomsbridgeklubb
2	2 Ø-V	Nora Bjørlo Eriksen - Edle Askø Høgestøl	Sandnes Juniorbridgeklubb
3	3 Ø-V	Ferdinand Grude Borgen - Casper Leander Storum	Os juniorbridgeklubb
4	4 Ø-V	Oliver Fjeldheim Myklebust - Fenja Money	Hemsedal BK
5	5 N-S	Hans Kristian Gimle-Wiik - Rafael Bagher	Frogner BK - Sarpsborg BK
6	6 N-S	Ida Sophie Walde - Iben Askvik Drønen	Os juniorbridgeklubb
7	7 N-S	Heine Ween Klungland - Chris Beutekamp	Farsund BK
8	8 Ø-V	Robin Vaagsvold - Noah Tønnesen Skaara	Båro BK
9	9 N-S	Wiktor Orlicz - Cassandra Ingvilde Eilertsen Wang	Trondheim ungdomsbridgeklubb
10	10 N-S	Inga Sol Walbye Mikkelsen - Even Kong Halvorsen	Trondheim ungdomsbridgeklubb
11	11 N-S	Inger Hilda Kobberød - Elise Dahl-Paulsen	Åsane BK
12	12 Ø-V	Stian Beutekamp - Kasper Abusdal	Farsund BK - Kristiansands BK
13	13 N-S	Mathea Undem Harding - Maya Marie Brodtkorb	Båro BK
14	14 N-S	Emil Eskild Hølto - Sivert Skolt	Hemsedal BK
15	15 Ø-V	Enok Stangeland Ueland - Alexander Skjæveland	Sandnes Juniorbridgeklubb
16	15 N-S	Torbjørn Mo - Herman Moberg	Os juniorbridgeklubb
17	14 Ø-V	Sverre Tresselt - Celine Bay Trøen	Åsane BK
18	13 Ø-V	Brage Sælevik Bårdgård - Sondre Selfors	Helgeland Juniorbridgeklubb
19	12 N-S	Ingrid Bjørlo Eriksen - Olea Austad Rom	Sandnes Juniorbridgeklubb - Flekkefjord BK
20	11 Ø-V	Eirik Emilian Aulie - Kristian Petterson	Båro BK
21	10 Ø-V	Mie Brogeland - Charlotte Wedvik	Flekkefjord BK - Trondheim ungdomsbridgeklubb
22	9 Ø-V	Tharakan Aravinthan - Emil Lauritzen	Sarpsborg BK
23	8 N-S	Kim Ronny Mjåland - John-Helge Stålesen Hansen	Båro BK
24	7 Ø-V	Ronja Dybedokken Fuglestein - Oda Marie Heimvoll	Båro BK
25	6 Ø-V	Jenny Jansen-Søndergaard - Ada Tyssøy Folgerø Holen	Os juniorbridgeklubb
26	5 Ø-V	Helena Eskic - Teolina Fornes	Flekkefjord BK
27	4 N-S	Signe Mørtzell - Inga Eriksen Valnes	Helgeland Juniorbridgeklubb - Sandnes Juniorbridgeklubb
28	3 N-S	Marielle Bygnes - Steffani Moen Dyrstad	Os juniorbridgeklubb
29	2 N-S	Lasse Wangensteen Helde - Kevin Haug	Trondheim ungdomsbridgeklubb
30	1 N-S	Linnea Vedå Vangdal - Herman Wedvik	Os juniorbridgeklubb - Trondheim ungdomsbridgeklubb



# TIDLEGARE VINNARAR

2023: Nicolai Heiberg-Evenstad - Markus Lund, Sørreisa BK/Heimdal BK  
2022: Nicolai Heiberg-Evenstad - Markus Lund, Sørreisa BK/Heimdal BK  
2021: Marius Dalemark Austad – Ida Marie Øberg, Flekkefjord BK/KGB Klyve-Gulset BK  
2020: Marius Dalemark Austad – Christian Bakke, Flekkefjord BK/Bergen Akademiske BK  
2019: Marcus Andreas Scheie – Jakob Nordvoll Johannessen – BK Norrøna/Sortland BK  
2018: Christian Bakke – Marcus Andreas Scheie, Bergen Akademiske BK/BK Norrøna  
2017: Christian Bakke – André Hagen, Bergen Akademiske BK/Aurskog BK  
2016: Christian Bakke – Anders Holmen Gundersen, Bergen Akademiske BK/Studentenes BK  
2015: Christian Bakke – Harald Eide, Bergen Akademiske BK/BK Hein 46  
2014: Christian Bakke – Tor Eivind Grude, Bergen Akademiske BK/Sømna BK  
2013: Kristian Barstad Ellingsen – Erlend Skjetne, Sortland BK/Heimdal BK  
Tor Eivind Grude – Fredrik Helness, Sømna BK/Akademisk BK  
2012: Kristoffer Hegge – Tor Eivind Grude, Snåsa BK/Sømna BK  
2011: Kristoffer Hegge – Kristian Stangeland, Snåsa BK/Kverneland BK  
2010: Henrik Livgård – Daniel Ueland, Askim BK/Nærbø BK  
2009: Kristoffer Hegge – John Vegard Aa, Snåsa BK/Heimdal BK  
2008: Kåre Bogø – Kristoffer Hegge, Frøya BK/Snåsa BK  
2007: Håkon Bogen – Lars Arthur Johansen, Mo BK/Rognan BK  
2006: Ingvald Søiland – Daniel Ueland, Nærbø BK  
2005: Ingvald Søiland – Daniel Ueland, Nærbø BK  
2004: Stian Andersen – Karl Morten Lunna, Vestre Gausdal BK/Lom BK  
2003: Petter Eide – Allan Livgård, BK Hein 46/Askim BK  
2002: Ronny Jørstad – Stian André Sundklakk, Skien BK/Kirkesdalen BK  
2001: Petter Eide – Sverre Johan Aal, BK Hein 46/Kvam BK  
2000: Stig Roar Hakkebo – Nils Kåre Kvangraven, Heimdal BK/Rena BK  
1999: Gunnar Harr – Stian André Sundklakk, Troms og Ofoten  
1998: Ole Egil Amundsen – Ole Marius Myrvold, Oppland  
1997: Gunnar Harr – Stian André Sundklakk, Troms og Ofoten  
1996: Boye Brogeland – Øyvind Saur, Bergen  
1995: Boye Brogeland – Øyvind Saur, Bergen  
1994: Bjørn Morten Mathisen – Kurt-Ove Thomassen, Stjørdal/Helgeland  
1993: Geir Helgemo – Stein Arne Galguften, Namdal  
1992: Svein Gunnar Karlberg – Kurt-Ove Thomassen, Helgeland  
1991: Jørgen Molberg – John-Hallvard Skoglund, Hedemarken  
1990: Jørgen Molberg – John-Hallvard Skoglund, Hedemarken  
1989: Finn Brandsnes – Espen Larsen, Helgeland/Salten  
1988: Stein Willy Andreassen – Skjalg Solum, Vesterålen  
1987: Jim Høyland – Sam Inge Høyland, Fjordane  
1986: Jim Høyland – Arild Rasmussen, Fjordane/Bergen  
1985: Jon Andreas Støvneng – Roar Voll, Trondheim  
1984: Sam Inge Høyland – Sven-Olai Høyland, Fjordane  
1983: Jon Andreas Støvneng – Roar Voll, Trondheim  
1982: Sjur Ajer – Jan Inge Danielsen, Midt-Telemark

## NM junior rekrutt

2023: Solveig Dræge - Sienna Vedå Vangdal, Os juniorbridgeklubb  
2022: Brage Hansen Moe og Tor Gunnar Mathisen, Helgeland Juniorbridgeklubb



# TO OPPGÅVER

Ei enkel først. Syd er spelefører i 3 NT og vest speler ut spar 9. Korleis sikrar du deg 9 stikk?

N North		
♠	A	
♥	AK	
♦	5432	
♣	QJ10987	
W West	♠ 9	E East
S Leifj 9		
♠	KQJ	
♥	J432	
♦	AQJ10	
♣	32	

N North		
♠	987	
♥	543	
♦	K6	
♣	K5432	
W West	♥ K	E East
S Leifj 9		
♠	AKQJ10	
♥	A2	
♦	A5432	
♣	A	

# 2

Oppgåve 2 er ganske vanskeleg. Syd er spelefører i 6 spar og vest speler ut hjarter konge. Litt hjelp: Trumfen er fordelt 3-2 hos motparten, men rute-ten er 5-1.

Svar oppgåve 1. Kløverfargen hos nord kan godspelast. Så første stikkett blir vunne av spar ess. Kløver frå nord stikk motparten første eller andre gong. Lansett kva dei så speler rekk spelefører å få godspelt kløverfargen og minst 9 stikk

Svar oppgåve 2. Det ser naturleg ut å stikka utspelt med hjarter ess. Deretter ta for kløver ess, gå inn på bordet på ruter konge og spela kløver konge for å kasta siste hjarteren på hand. Så langt er alt greit, men så kjem det vanskelege. For å sikra seg mot ruten 5-1 speler ein no liten ruter frå begge hender. Motparten kjem inn på syd si hand kan no trumfast på bordet. Til slutt speler syd seg inn på hand, tar ut motparten sin trumf, og ruter ess blir det tolvte stikkett.



# GODE VANER!

Dette spillet dukket opp på en spillekveld i Bergen Akademiske BK der flere spillere ikke var helt på høyden i motspillet. Med ingen i faresonen og Øst som giver, sitter du Nord og ser at motparten melder

Øst	Vest
1ru (4+)	1hj
1nt	2nt
3nt	

Makker spiller ut spar dame.

♠ 975

♥ AQ8

♦ A72


♣ KT75

♠ 864

♥ KJ972

♦ KJ3

♣ QJ



Du legger legger svakhet med spar 9. Makker får beholde stikket og forsetter med spar knekt som spillefører vinner med kongen. Nå følger hjerter 10 som du vinner med damen. Hva nå?

Dersom du ikke tenker deg om, virker det naturlig å godspille makkers spar 10. Men om du har gode vaner, tenker du deg om. Du har 13 hp, blindemann 11 og makker har vist 3 (spar dame og knekt). Til sammen blir det 27 hp. Øst har åpnet og deretter tatt i mot en invitt som betyr hen har minst 13 hp. Altså har makker ingen mulighet å komme inn for å hente et godspilt sparstikk.


Hvor mange stikk har spillefører? To i spar, 3 i hjerter og to i kløver, til sammen 7 stikk før eventuelle ruterstikk. Heldigvis har du kløver 10. Dermed kan du legge ned kløver konge (eventuelt spille en liten kløver og kløver konge når du kommer inn på et av essene) som taper til esset. Når du kommer inn på ett av de røde essene, kan du spille en ny kløver for å sikre stikk for kløver 10.

Det er faktisk slik at en erfaren spiller bør ha en god sjanse å finne motspillet uten kløver 10. Da spilles fremdeles kløver når man er inne på hjerter dame og håper at makker har kløver 10.

Som man ser, godt motspill er ikke så vanskelig når man tenker seg om!

**Sven-Olai Høyland**  
Kaptein U-26 jenter

Hele spillet:



---

**LURER DU PÅ NOKO ELLER TRENG HJELP? VI ER  
HER GJENNOM HEILE HELGA**

**TARJEI**



959 05 345

**TORHILD**



995 40 604

**WENCHE**



452 22 628

**LINDA**



917 28 823

**LEIF**



938 40 376

---

# KLARER DU DESSE?

								3
				6	4			
9			7	1			4	5
		4		9			7	
	6	1						
					7			
					2	3		6
3	8		1				9	
		5			6			

			4		7			
		7	9				8	
		3				5		6
		1			9	4		
8					2	1		
			6		8	9	3	
						8		
				2	4			
5		9		6				1

---



# BESTE NORSKE JUNIOR-SPEL 2022

Dette spelet blei kåra til beste juniorspel i 2022 av Norsk Bridge-  
presse. Juryen bestod av Ann Karin Fuglestad, Terje Lie og Vegar Næss.  
Prisen blei vunnet av Nicolai Heiberg-Evenstad. (biletet til høgre)

Journalist var Kristian Barstad Ellingsen, og her er artikkelen hans  
om dette spelet:



## Den som melder hardt, må spille godt

Ungdoms-EM ble spilt i Veldhoven i Nederland fra 19. til 26. juli. Norge stilte lag i fire av fem klasser, nærmere bestemt U26 Open, U26 Women, U21 og U16, mens det ikke var norsk deltagelse i den nyopprettede klassen U31.

I U26 Open endte Norge på 14. plass, i U26 Women ble det femteplass, i U21 ble det syvendeplass og i U16-klassen endte det norske laget som nummer tolv. Dermed er Norge kvalifisert for neste års Ungdoms-VM i henholdsvis U26 Women og U21.

Vi skal se nærmere på et spill som dukket opp i U26-klassen:



Vest	Nord Lund	Øst	Syd Heiberg-Evenstad
		pass	1 ru1)
dbl2)	1 hj	1 sp	2 ru
pass	3 sp3)	pass	4 kl4)
pass	4 hj5)	pass	4 gr6)
pass	5 kl7)	pass	6 ru
pass	pass	pass	

- 1) Minst 3-korts ruter
- 2) Opplysende
- 3) Splinter (ruterstøtte og kortfarge i spar)
- 4) Kontrollmelding
- 5) Kontroll og seriøs sleminteresse
- 6) Spørsmål etter nøkkelkort
- 7) Ett eller fire av fem ess


Markus Lund og Nicolai Heiberg-Evenstad meldte seg opp i lilleslem i ruter som eneste par i salen. Hvordan ville du planlagt spilleføringa med spar dame ut fra vest om du var i Nicolais stol?

Om ikke ruterer skulle sitte altfor surt, er det seks trumfstikk på hånda i tillegg til to hjerterstikk og ett sparstikk. Det vil også være mulig å trumfe et par spar i bordet. Det kan også være en plan å spille på hjerteren, men noe av utfordringa er at det ikke finnes inntak i bordet utenom trumfen. Dermed vil det ikke være anledning til både å sette opp hjerteren og trumfe kløvere i bordet. Hjerterfinessen er selvsagt også en mulighet.


La oss se på hvordan Nicolai spilte seg til hjemgang i lilleslemmen.

Sparutspillet ble vunnet med esset før en spar ble stjålet i bordet. Deretter fulgte kløver dame fra bordet. Øst stakk opp med esset og skiftet til en liten trumf som fikk løpe til åtteren i bordet. Nå spilte Nicolai kløver til stjeling, spar til stjeling med bordets siste trumf og nok en kløver til stjeling. Så trakk han trumfen til bunns, og motparten måtte kapitulere idet den siste trumfen ble spilt.

Hele spillet så slik ut:



Det var egentlig synd at hjerterfinessen gikk. Nicolai ville nemlig fått hjem kontrakten uansett hjerteretsits. Ta en titt på situasjonen før Nicolai spiller den siste trumfen:



Spillefører er altså inne på hånda og må ha resten av stikkene. Utfra meldingsforløpet og innledninga på motspillet kan vi være rimelig sikre på at vest sitter igjen med kløver konge. Vest tvinges dermed til å holde kløver konge, i og med at kløver knekt er en trussel i bordet. Han må altså kaste en hjerter. Spar 5 er også en trussel. Vest har allerede vært nødt til å gi opp sparholdet, som dermed er isolert til øst. I realiteten må øst og vest holde hver sin svarte farge, og dermed kan ingen holde hjerteren.

Det hadde ikke hjulpet øst å legge liten kløver tidligere i spillet heller. Da kan spillefører godspille et kløverstikk ved å presse ut esset mot trumf etter at vest har vunnet den første kløverrunden med kongen.


# FUN PÅ



Funbridge er blitt populær blant bridgejuniorar. Har du ikkje alt oppretta konto så ta kontakt med Marianne Harding, så ordnar ho med gratis konto. Frist for registrering er 2. desember.

Spelet her er frå ei turnering no i oktober. Det blei spelt på "Horgo", ei gratisturnering som går over 3 spel. Om du vil kan du prøva deg på den. Ho går dagleg og ligg under gratisturneringar og kan spelast utan passord.

Her er spelet:



Etter 3 hjarteropnin i aust måtte eg gjera noko på syd si hand og 3 NT blei valet. Etter det gjekk det pass rundt, og vest starta med hjarter konge. Den fekk behalda sticket, og fortsetjinga blei kløver dame.


Ei kjapp oppteljing viser 8 stikk, om ikkje då ruterer er fordelt ugunstig. Kløverdama frå vest i 2. stikk måtte nesten stikkast på hand. Elles ville det vera vanskeleg med overgangar til bordet seinare.



Utan noko spesielt gode utsikter for å finna det niande sticket valde eg å følgja eit "Bols bridge tips", å ta stikka i ein gåande farge og sjå kva som skjer. Heile boka med tips ligg for øvrig gratis på nett og kan lesast på denne linken: <https://bridge-tips.co.il/wp-content/uploads/2012/05/The-complete-book-of-BOLS-bridge-tips.pdf>

Så det blei altså å forsyna seg med 5 ruterstikk som blei dei neste stikka. Fargen viste seg å sitja 3-3 hos motparten, så aust var altså no markert med 10 raude kort. I tillegg hadde han alt følgd farge ein gong i kløver, så han har altså kun to svarte kort igjen. Resten er hjarter.

Stillinga etter at siste rutersticket var innkassert blei denne:




Og det var no den fine varianten dukka opp; spar 9 frå hand. Det sørger for at nok eit svart kort forsvinn frå aust si hand, utan at eg taper kontroll over fargen.

Spar 9 fekk gå til 10-en i aust, og det såg ut som roboten der gav opp no og ikkje fann på noko betre enn å ta dei to hjarterstikka sine. Etter det stod hjarter knekt og spar ess på hand, pluss kløver konge i bordet.



Om aust i staden hadde halde fram i spar etter å ha fått på spar 10-en vinn spar esset. Hjarter knekt blir så spelt og no er aust innspelt heilt utan kort å fri seg i.

Ser ut som det kun er liten spar ut frå vest i første stikk som gjev beit, men det må vera nærast umogleg å finna etter meldingane her.

Takk for støtte!



**FRAMO**  
an Alfa Laval brand



Os Sanitetsforening  
Kløvertun

**REMA 1000**

Moberg

**BJØRNA  
FJØRDEN**



KOMMUNE



**Bufdir**